



Sak nr 19/2013

Møtedato: 13.6.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S661

## S661, Røvsalin – spørsmål om det er allmenningsrett til eigedomen Berge 50/4

Fjellstyret er, gjennom bubestyrar for Ola Bergheim sitt dødsbu, vorte gjort kjent med at Berge 50/4 er delt opp i fleire einingar. Det er usikkert om allmenningsretten er intakt. Berge 50/4 har støl S661 på Røvsalin.

Fjellova § 2 har reglar om når allmenningsretten fell bort: *..Vert gardsdrifta nedlagd og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, fell retten bort. Det same gjeld om ein eigedom ved sal eller overigning misser så mykje av jorda at den ikkje lenger er å rekna som ei jordbruksmessig eining, eller vert delt på ein slik måte at ingen av jordpartane etter delinga er å rekna som jordbruk.*

Etter §16 i stølsforskrift skal fjellstyret vurdere om retten er intakt. Om det ligg allmenningsrett til bruket blir avgjort av fjellstyret åleine. Dette er ikkje nøyaktig definert når allmenningsretten går tapt. Det blir opp til fjellstyret sitt skjønn, men ein må vurdere saka ut frå rettspraksis.

Restarealet til Berge 50/4 består av følgjande areal:

Hovedeiendom	Grunneiendomme	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Skog av høyt bonitet	Skog av middels bonitet	Skog av lav bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Åpen skinn fastmark	Bebyggd	Samferdsel	Sneisbre	Vann	Ikke sarlagt	Ikke klassifisert	Total
543-50/4/0	543-50/4/0	8.1	1.9	0.1	0.0	0.0	14.9	232.8	1.4	8.3	0.0	0.0	0.0	2.1	0.0	0.0	0.0	265.5

Det er ikkje hus på bruket. Det gamle tunet er skilt ut som eigen eigedom og deler av dyrka mark er overført til naboeigdom.

På Berge 50/4 er det att 6,1 daa fulldyrka jord og arealet er opplyst å vera i bruk. Totalt areal er 265,5 daa. Stølen er ikkje rekna med i dette arealet. Arealet er i seg sjølv ikkje noko hinder for at det kan reknast som å tilhøyra jordbruket. Det har vore fleire saker for høgsterett med mindre areal som har fått stadfesta sin allmenningsrett. Det som er avgjerande er om bruket har preg av jordbruk. Vurderinga av om ein eigedomen tilhøyrer jordbruket, skal skje for eigedomen som ei heilheit.

Det er heller ikkje ein føresetnad at det skal vera ei vesentleg inntekt på bruket. I Molorsaka frå Øystre Slidre bestemte høgsterett i 2011 at allmenningsretten var intakt for eit bruk på 9,3 daa fulldyrka mark (19 daa totalt). Høgsterett skriv: *Spørsmålet allemningsrett avgjøres ut fra en totalvurdering av eiendommens beliggenhet, dyrket areal, bebyggelse og bruksforutsetninger.* Retten viste til at det var mulig å få overskot på drifta på bruket, men ein kunne ikkje krevja at det var eit overskot av betyding knytt til næringa. Det vart akseptert at jordbruksverksemda kunne vera hobbyrelatert utan at allmenningsretten gjekk tapt.

Høgsterett har i ei totalvurdring også lagt vekt på bebyggelse. Det er ikkje hus på Berge 50/4. Dette er i utgangspunktet ikkje til hinder for at eit bruk kan ha allmenningsrett. Når ein nærmar seg grensa for om det er allmenningsrett, kan dette likevel vera eit avgjerande moment. Det har vore ei sak for høgsterett frå 1939 som omhandlar allmenningsrett til bruk utan hus (Inndalsdommen). I denne sak vart det fastslege at allmenningsretten var intakt sjølv om det ikkje var hus på eigedomen.

Fjellstyret har behandla 3 saker dei siste åra der det har vore spørsmål om allmenningsretten er intakt. Alle saker er omtrent i same storleik som 50/4. Fjellstyret fann i to av dei tre sakene at bruksretten var intakt.

Høgsterett har lagt rammene for kva som kan reknast som allmenningsberettiga bruk. Sentrale dommar i aktuell sak er Molordommen (2011), Grandommen (2000) og Inndalsdommen (1939).

Fjellstyret såg på eigedomen under befarung den 19.6.2013.

### Vedtak:

Fjellstyret finn ut frå ei samla vurdering av eigedomen at stølsretten er intakt.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.13

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Bubestyrar adv. Kalsnes, Dokka